

Referat frå foreldremøte for 6.klasse

- 20.april 2015

Føresette frå 9 heimar møtte til foreldremøte.

1. Val av klassekontaktar for neste skuleår:
 - Vivian V. Nesbø og Monica Næss. Monica representerer klassen i FAU.
 - Hilde Haugland er vara for klassekontaktane.
2. Gjennomgang av Radøy kommune sin *plan for skule-heim samarbeid*. Her følgjer nokre utdrag frå planen:
 - *Samarbeid heim - skule er eit gjensidig ansvar, men det er skulen som skal ta initiativ til og leggje til rette for samarbeidet.*
 - *Eit godt samspel er avhengig av at begge partar kommuniserer tydeleg,*
 - *Det er skulen sitt ansvar å gje dei føresette naudsynt informasjon om skulen sine oppgåver, planar og mål, slik at dei føresette kan vere reelle medspelarar.*

Kort presentasjon av klassekontaktane sine oppgåver:

- Bindeledd mellom heim-skule
 - Medlem i FAU
 - Førebu foreldremøte med kontaktlærar
 - Skriva referat frå foreldremøta
 - Haust: Samarbeidsmøte med lærar og adm.
 - Vår: Ansvar for at ein vel nye klassekontaktar kvar vår, og at desse vert informert om sine oppgåver.
3. Presentasjon av hovudresultata frå **elevundersøkinga 2014**. Her er det elevane i 5.-7.klasse som har svara.

Mange fleire som svarar positivt på:

 - trivsel
 - støtte frå lærarane
 - vurdering for læring . Noko vi har jobba mykje med både før og etter ekstern skulevurdering.
 - læringskultur
 - motivasjon
 - elevdemokrati og medverking
 - felles reglar

Nokre fleire som svara negativt på mobbing. Denne undersøkinga vart gjort i haust. Då hadde vi nokre saker som me kartla, og som til slutt viste seg *ikkje* å vera mobbing. Det kan ha hatt innverknad på svara som blei gitt. Men me er ikkje nøgde, og me skal jobba mot lågare tal .

4. Førebyggjande arbeid ved skulen:

- Elevsamtalar + «kvardagssamtalen»
- «Det er mitt val»
- Felles zerosamling og zeromål kvar månad.
- Tiltaksplan dersom me mistenker mobbing
- Sosiogram
- Vakt/observasjon
- Undersøkingar
- Reaksjon på uønska åtferd
- Kontakt med heim

5. Status i klassen, fagleg og sosialt, april 2015:

Fagleg kompetanse:

- Lese: God utvikling. Jobbar mykje med lesestrategiar og leseforståing. Lesekvarten heime kvar dag er svært viktig for alle.
- Skrive: Flott utvikling på innhald og lengde på tekstar. Jobbar med rettskriving og teiknsetjing.
- Rekne: Flott utvikling. Jobbar no intensivt med oppstilt divisjon og multiplikasjon.
- Munnleg: Alle har munnlege presentasjonar for klassen, men fleire kan visa kva dei kan i den daglege klassesamtalen.
- Digital: Svært god utvikling.

Sosial kompetanse:

- Trivsel: I høve til observasjon, samtalar og undersøkingar trivst elevane godt i klassen.
- Mobbing: Eg har ingen indikasjonar på at det er mobbing i klassen.
- Arbeidsmiljø: Veldig god utvikling. Fokus på at skulen er din arbeidsplass.
- Åtferd: Svært god.
- Orden: Dette jobbar alle med, men på ulikt nivå. (bøker, skulesakar, utstyr ol)

6. Lesestimulering:

- Presentasjon av kompetansemåla i lesing etter 7.klasse.

I 6.klasse fokuserer me no på innhaldsforståing i alle fag:

- Lesa for å læra☺
- Læringsstrategiar.
- Ulike typar lesing.
- «Jakta i ein tekst»
- Læreverk i leseforståing
- Diskutera tekstar i grupper.
- Lesa mellom linjene. Dette er ei utfordring for mangel

7. Diverse:

*Kort presentasjon av nokre ekskursjonar og aktivitetar denne våren:

- 30.april: Uteskule i Knappen i Marøy (5.-7-kl)
- 6.mai: Ute/inneskule (5.-7.kl)
- 8.mai: Fredsmarsj til Kvalheim (1.-7.kl)
- 15.mai: Boss-plukking (5.-7.kl)
- Veke 21: Sykkeldag (5.-6.kl) og uteskule (5.-6.kl)
- 18.juni: Tur til Bergen (Bryggen museum mm): (5.-6.kl)
- Dato?? Besøka NGIR i Kjevikdalen (5.-6.kl)

*Foreldra skal arrangera ein overnattingstur for klassen.

Meir informasjon om dette vil koma☺

Hordabø skule, 20.04.2015

Kristin Helland (referent)